

Badesesongen har starta



Laurdag var det badeliv på stranda ved Noresjøen på Jelsa.

Øystein Haga

Ryktet om dei gode badetilhøva, med ein vasstempertur på heile to plussgrader, hadde nådd «Godalen Sjøbaderforening» i Stavanger, og medlemmene tok difor turen til Jelsa denne helga. Foreninga har også fleire medlemmer frå Danmark, som tok turén over Skagerak for å vera med.

Ekteparet Jorunn Rombotn og Svein Egil Klungveit, som begge kjem frå Jelsa, var initiativtakarar. Dei 15 tøffingane la på svøm utover Noresjøen. Nokre av dei tok seg god tid uti vatnet, medan snø- og sluddbygningene kom og gjekk.

Tøffingen Arvid Nesse nølte ikkje, trass i ein sjø-tempertur på fattige to grader pluss.

Søskensuksess



Mathilde Nerheim var på sigerpallen begge dagar under KM i Sauda.

Vebjørn Nerheim (14) vann sprinten, mens han blei nummer to på 3 km klassisk under KM i Sauda. Søstera Mathilde Nerheim (13) fulgte opp med to tredjeprisar. – Me er begge svært nøgde, seier søskenparet.

Torbjørn Iversen/Vestpress

Vebjørn vann laurdagens sprint i klassisk. Det er fleire gode løparar frå Sandnes og Gjesdal i denne klassen. Nord om Bok-

nafjorden er Vebjørn normalt den beste.

– Eg er svært nøgd med resultata mine denne helga. Eg går i ein tøff og god klasse, oppsummerer han. Sjølv om Vebjørn gjer det svært bra lokalt har han aldri vore austpå og konkurrert. Første helga i april går ungdommens Holmenkollrenn i Oslo. Dette er NM for klassane 13-14 år.

– Det hadde vore moro og gått her, men eg veit ikkje om eg kjem til å dra. Eg har ikkje tradisjon for å reisa veldig langt for å konkurrera. Eg deltar stort sett berre lokalt, seier Vebjørn.

I fjor droppa han og KM sidan det vart arrangert på Evje i Setesdalen.

– Eg er glad for at eg fekk gå KM i år. Det



Vebjørn Nerheim var den einaste lokale KM-vinnaren i helga.

er eit av dei høgst prioriterte renna i vin- ter, avsluttar han.

På pallen

Mathilde Nerheim (13) blei nummer tre både på laurdagens sprint i klassisk, og på 2 km klassisk distanserenn på søndag.

– Eg hadde eit mål om minst ei pallplas- sering denne helga. Det klarte eg jo fint. Derfor er eg nøgd, seier Mathilde, som var litt bak dei to beste i hennar klasse.

– Dei er gode, så veldig overraskande var ikkje det, seier ho.

Søskenparet Nerheim er også lovanda o- løparar. Vebjørn spelar òg fotball på Sand.

– Eg satsar mest på ski, seier Vebjørn.

– Det gjer vel kanskje eg òg, men o-sport er også moro, seier Mathilde.

Mathilde blei nummer tre på prologen laurdag.

Eg vinn mykje lokalt, men når dei to jentene frå Stavanger-området er med, sitt eg med å gå heilt til topps, sjølv om det heile tida er målet, avsluttar ho.

Ute av form

Jon-Inge Vetrhus (19) var påmeld, men Sul- dal sin beste junior er ute av form for tida, og han droppa KM denne helga. For nokre år sidan var han heilt i norgestoppen. Dei siste åra har han ikkje vore på det nivået.